

SKJERMEN VISER:

I TIMEN:

Det er mykje som er veldig kjekt med å vere på nett, og mange barn og unge brukar mykje tid på å vere saman med andre på appar, eller sjå filmar og game.
I denne timen skal vi jobbe med noko av det som veldig viktig å kunne noko om for alle som brukar appar på nett. Og vi skal starte med å sjå filmen om Levi som opplever noko veldig skummelt som mange andre barn og unge har opplevd på ekte.



[Levi - en film om seksuelle overgrep på nett - YouTube](#)

Etter filmen kan de gjerne bruke spørsmåla som ligg på
Bruk gjerne spørsmåla som ligg på [Historien om Levi / Din kropp / 5.-7. trinn / Jeg vet](#) eller fortsett med opplegget under her:

- Korleis klarte overgriparane her å lure Levi til å sende bilder?
(Han lata som han var ei jente, hadde filmklipp som viste ei søt jente, brukte eit språk som er vanleg blant barn på nett, han lokka Levi inn i ein lek, fekk Levi til å føle seg bra, og så trua han med å vise bilda til alle om han ikkje gjekk vidare).
- Korleis trur de dette var for Levi? Kva følelsar hadde Levi gjennom filmen?
- Kva gjorde mammaen bra?
- Kva trur de Levi og mamma kan gjere vidare for at bilda ikkje skal bli delt med andre?
(Slike saker er viktig å involvere politiet i! Så dei bør ringe politiet og der får dei vite kva som er lurt å gjere).



Nettalarmer

Levi si historie viser at barn og unge kan bli lurt av vaksne som har trena på å bli gode til å lure andre. Det er alltid den vaksne sin skuld og ikkje dei det går ut over som har gjort noko galt! Når barn har blitt lurt er det ikkje fordi dei er dumme eller ikkje har passa godt nok på, men fordi nokon har manipulert dei.

Det er nokre ting som går igjen i mange slike overgrep som vi kan prøve å huske. For når dette dukkar opp er det lurt om nettalarmeren din går av, - heller litt for tidleg enn seinare. Det er ikkje lett, for noko av det desse er flinke til er å få oss til å føle tillit til dei.

Peik og les på nettalarmeren:

1. Ein du ikkje vet kven er vil bli kjent med deg. De pratar mykje og lett.
(Desse tek gjerne ekstra mykje initiativ, spør masse og får unge til å føle seg viktige og bra)
2. Dei er ekstra snille og gir kompliment eller gåver.
(Gjerne digitale gåver i spel og slikt)
3. Dei vil de skal snakke privat og halde det hemmeleg.
(Dei kan sei ting som at «Du forstår meg betre enn alle andre» og får deg til å føle deg spesiell.
4. Dei prøvar å få deg til å sende bilde, film eller anna privat.
(Gjerne gradvis, i form av lek der du får noko først, og føler deg forplikta til å gi tilbake det same. Pluss masse skryt og kompliment for det ein sender.)

	5. Dei masar, krev, truar eller pressar deg. (Det er først no ein oftast forstår at ein har blitt lurt. Men husk at no hjelper det ikkje å sende meir. Då blir trusselen berre meir alvorleg. No handlar det om å be om hjelp, ta skjermbilde av kommunikasjon for å dokumentere og kontakte politiet.)
Vi skal møte to barn som brukar denne nettalarmen velig godt! Les historiene for elevane medan dei ser bilda av barna, og la dei snakke saman etterpå.	
	Emma og William (les for elevane) Emma er 11 år og likar veldig godt å game. Ofte spelar ho online etter skulen. Nokre gongar spelar ho saman med andre, men ofte spelar ho aleine. Ein dag begynner ho å chatte med ein ny gut i spelet. William er 13 år og verkar veldig hyggeleg. Han spør kva spel ho likar, kva ho gjer etter skulen og kva slags musikk ho høyrer på. Dei snakkar med kvarandre neste dag også. William verkar mykje snillare enn dei fleste andre ho kjenner. Han gir kompliment og seier at ho verkar smart og kul å snakke med. Han hugsar ting ho fortalte i går, og spør vidare om det. Emma kjenner seg sett og viktig. Etter ei stund foreslår William at dei kan snakke på ein annan app så dei kan chatte meir privat. Emma synest det høyst greitt ut, og dei flyttar samtalen dit. No snakkar dei nesten kvar dag. Ein kveld sender William eit bilde av seg sjølv og spør om Emma kan sende eit tilbake. Ho gjer det. Seinare sender han eit nytt bilde der han viser musklane sine, og spør om Emma kan sende eit bilde av seg sjølv i undertøy. William er veldig fin, og Emma blir ganske stolt av at en sånn gut har valt seg ut akkurat henne. Men Emma blir likevel usikker. Ho tenker på det ei stund og skriv tilbake at ho heller vil snakke saman på video først, så dei kan bli litt betre kjent. William svarer at kameraet hans ikkje fungerer. Emma foreslår at han kan bruke mobilen sin i staden. Eller ein annan skjerm. Då prøver William å skifte tema og begynner å snakke om noko heilt anna. Emma synest det er litt rart. Han kan sende mange bilde, men han kan ikkje snakke på video? Ho spør igjen kvifor kameraet ikkje fungerer. Etter det svarer han ikkje meir. Han forsvinn frå chatten og sluttar å skrive til henne.
	La elevane snakke med kvarandre • Kva fekk Emma sin nettalarm til å begynne å blinke? • Kva gjorde Emma som var lurt? • Kva kunne skjedd dersom ho ikkje hadde stilt spørsmål?
	Jonas og Mia Jonas er 12 år og spelar ofte online. Han likar spesielt godt når han møter andre spelarar som er hyggelege å spele saman med. Ein kveld får han melding frå Mia14. Ho skriv at han spelar bra og spør om han vil vere med på laget hennar neste runde. Dei spelar saman, og etterpå begynner dei å chatte. Mia verkar veldig hyggeleg. Ho skriv at Jonas er mykje kjekkare å spele med enn dei fleste andre ho møter. Ho spør kva slags spel han likar, og om han spelar ofte. Jonas synest det er litt kult at ei jente vil spele saman med han. Det skjer ikkje så ofte. Mia skriv at ho synest Jonas verkar snill og morosam. Ho spør om han vil snakke vidare på en annen app, og Jonas legg henne til. Der begynner Mia å sende meldingar med ein gong. Ho skriv at ho synest Jonas verkar som ein kul fyr, og at ho er glad for at ho møtte han. Det kjennest spennande og smigrande for Jonas. Ho sender bilde av seg sjølv. Ho er kjempesøt! Ho smiler og skriv: "Din tur." Jonas nøler litt, men sender eit bilde tilbake. Mia svarar raskt og skriv at han ser bra ut.

	Ho sender eit nytt bilde av seg sjølv, denne gongen litt meir poserende. Jonas merkar at hjartet begynner å slå litt fortare. Det kjennest både rart og litt spennande samtidig. Mia spør om å få sjå meir av han. Og før han rekk å tenkje seg om sender ho video av seg sjølv der ho viser ganske mykje av seg sjølv. Jonas kvepp litt. Skjer dette faktisk? Han er ikkje van med sånt. Han har jo høyrte om det så klart, men ingen har bedt han om slike bilde før. Mia masar veldig no. "Kom igjen då." "Eg sende jo bilde først." "Berre til meg." Ho sender endå eit bilde av seg sjølv. Jonas merkar at han blir litt rive med. Det er spennande at nokon gir han så mykje merksemd, og at ho verkar interessert i han. Men samtidig begynner han å tenkje på kor fort alt har gått. Han kjenner henne jo ikkje! Han skriv at dei kanskje heller kan snakke litt på video først, så dei kan seie hei ordentleg. Mia svarar at kameraet hennar ikkje fungerer. Jonas synest det er rart. Ho kan sende bilde og videoar, men ho kan ikkje bruke kamera? Det spørsmålet svarar ho ikkje på. Ho berre gjentek at det er hans tur å sende bilde. Jonas begynner å forstå at dette ikkje er som det skal. Han skriv at han ikkje vil sende slike bilde til nokon han ikkje veit er den dei seier dei er. Og rett etterpå er Mia borte frå vennelista hans. Jonas sit igjen med ein blanda følelse. Tenk om Mia eigentleg var ein ekling som prøvde å lure han? Det er skremmande! Og samtidig er han litt trist for han likte jo denne Mia. Det var bra han stoppa opp og tenkte seg om, og det skjedde jo ingenting farleg. Men det kjennest som om det var litt nære på.
	• Kva var det Mia gjorde som fekk Jonas til å kjenne seg smigra og interessert? • Når byrja Jonas å synest at noko verka rart? • Kva for teikn frå nettalarmen finn de i historia? • Kva gjorde Jonas som var lurt?
 STOPP FØR DU SENDER! • Bilder som seksualiserer barn under 18 år er ulovlige å ha, ta eller dele. • Loven finnas for å beskytte barn mot at slike bilder blir spreidd. • Selve barn under 15 år kan få konsekvenser hvis de deler slike bilder. • Har du allerede sendt noe du angrer på, er det viktig å snakke med en voksen du stoler på og få hjelp.	Desse historiene og filmen om Levi handlar om unge som blir forsøkt lurt til å sende bilde av seg sjølv. Men det er også mange unge som deler nudes/lettkledde eller avkledde bilde av seg sjølv eller andre utan at nokon lurar dei til det. Det er viktig å vite at sjølv om det er normalt å kjenne på nysgjerrigheit og ha lyst å vise seg fram eller å sjå på andre slik, så har Noreg lover som skal beskytte barn under 18 mot å få slike bilde av seg sjølv delt. Å ha, ta eller sende nakenbilde av seg sjølv eller andre vil difor oftast vere ulovleg. Og sjølv om 6. klassingar er under kriminell lågalder kan det få andre konsekvensar som å miste telefonen sin, måtte til samtale hos politiet i lag med foreldra sine og andre ting som ikkje er så gøy å oppleve. Derfor burde vi hatt ein slik åtvaringsknapp som dukka opp når nokon prøver å sende eit slikt bilde. Hadde det fungert trur de?
Avslutt gjerne timen med å snakke om kva som kan hjelpe barn og unge å huske på og bruke nettalarmen i kvardagen. Er det andre ting som kan vere lurt å lage eller jobbe med for å få hjelp til å huske på slike ting?	